

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	18.09.2008	222/08	RTO

Sakshandsamar: Tore Rikstad	Arkiv: GBNR-27/86 Objekt:	Arkivsaknr 08/591
-----------------------------	------------------------------	----------------------

GNR 27/86 - KVALHEIM ØVRE - SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE - VA-PLAN - GODKJENNING - RAMMELØYVE

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	19.05.2008	Kvalheim VVS as	Gnr 27/86 Kvalheim Øvre - søknad om utsleppsløyve
2	U	28.05.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 27/86-Kvalheimsneset-søknad om løyve til utlegging av vass-og kloakkleidningar i sjø
3	I	10.06.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 27/86 Kvalheim øvre - søknad om utlegging av vatn- og kloakkleidning – høyring
4	I	30.06.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Svar på førespurnad vedr. utlegging av vatn- og avlaupsleidningar
6	I	11.08.2008	Kvalheim VVS	Kartutsnitt over omsøkte utsleppsområde
5	I	12.08.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 27/86 Kvalheim øvre - vedk søknad om fordelingsnett vatn – avløp
7	I	14.09.2008	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 27/86 Kvalheimsneset - utlegging av vatn- og avlaupsleidningar i sjø.

Saksutgreiing:

Gjeld søknad om utsleppsløyve samt godkjenning og igangsetjingsløyve av VA- anlegga for 28 hytter i Kvalheimsneset.

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Kvalheim fritidsbustadområde er definert som hytteområde. Det er i tidlegare sak av 02.07.07 gitt løyve på vilkår til opparbeiding av avkøyrslø, hovudveg og grøfter.

Det er søkt om utsleppsløyve via slamavskillar med tett leidning til djup sjø. Bergen og Omland Havnevesen har i sak av 09.09.08 gitt løyve til utlegging av vass –og avlaupsleidningar som omsøkt –jf. m.a. leidning innteikna på kart datert 10.07.08.

Det er søkt om ansvarsrett for UTF/KUT - utførande røyrleggarbeid for tiltaket, men ansvarsrett for PRO/KPR – prosjektering manglar. Kommunen kan i denne omgang forutan

utsleppsløyve såleis berre gi eit generelt rammeløyve for tiltaket ut frå mottekne situasjonsplan på VA-anlegget utarbeidd av Techmentor AS og datert 15.05.08.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 01.12.2005, vert det gitt RAMELØYVE for tiltaket samt utsleppsløyve i medhald av plan- og bygningslova §§ 66, 93 og 98, forureiningslova §§ 11 og 16 og forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast slik som vist i søknaden.
2. Det må sendast inn for godkjenning søknad om ansvarsrett for prosjekteringa
3. Vilkår sett i tidlegare løyve av 02.07.07 gjeld framleis.
4. Det vert vist til reglane for tilknytning kommunalt leidningsnett. Nærare detaljar vert å avklara med vassverkssjefen.
5. Vilkår sett i løyvet datert 09.09.09 frå Bergen og Omland Havnevesen skal etterkomast.
6. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent slamavskillar. Restutsleppet frå slamavskillaren skal førast til djup sjø i tett leidning i samsvar med godkjent trase frå Bergen Og Omland Havnevesen. Avløpsanlegget skal elles utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.
7. Avstand til plass med moglegheit for parkering av septikbil skal vere maks. 100 meter. Løftehøgda til septikbil frå botnen av slamavskillaren må da ikkje overstige 8 meter.
8. Dersom utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheita oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med § 18 i forureiningslova.
9. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning:

G.2.1.B	Avløpsanlegg < 100 PE:	Kr. 4600,-
C.3.32.1	Delt sakshandsaming:	Kr. 1500,-
	SUM	<u>Kr. 6100,-</u>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

10. Mottekne kontrollplanar for prosjektering og utføring vert godkjende.
11. Radøy kommune gjev **Kvalheim VVS AS** ansvarsrett og lokal godkjenning (tidlegare lokalt godkjent føretak) i godkjenningssområda **UTF/KUT – røyrløsløysingar for tiltaket.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av forskrift om føretak for ansvarsrett (GOF).

Når punkt 2, 3 og 4 er ordna, kan arbeidet setjast i gang.

Byggverket si plassering på tomte skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman

med oppmoding om ferdigattest eller mellombels bruksløyve, eller seinast 4 veker etter at mellombels bruksløyve er gitt.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas §§ 98 og 99 og SAK § 30, og kontrollerklæring/-melding skal leggast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.



Tore Rikstad
Senioringeniør

Kopi til:

Driftssjef Einar Færø i Radøy
kommune

Kvalheim VVS as

Olav Magnus Soltvedt

Sivilarkitekt Ove Grung

Pb 1

Kvalheim

Sandbrekktoppen 30

5931

5937

5224

MANGER

BØVÅGEN

NESTTUN

